

339000

339500

340000

340500

# Riskadalsvatnet naturreservat

Hjelmeland kommune, Rogaland fylke



 Foreslått vernegrense

Målestokk i A4: 1:7 000

Ekvidistans: 5 m

Koord.sys.: ETRS 1989 UTM sone 32 N

Grunddata: Kartverket, Geovekst og Kommuner



**HØYRINGSFORSLAG -**  
**Kartproduksjon: Statsforvaltaren i Rogaland, april 2026**

6562000


6562000

6561500

6561500

6561000

6561000



339000

339500

340000

340500

## **Framlegg til forskrift om vern av Riskadalsvatnet naturreservat, Hjelmeland kommune, Rogaland**

Fastsett ved kongeleg resolusjon **dato** med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### *§ 1 Føremål*

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som høgstaude-edellauvskog, lågurtedellauvskog og kalkbjørkeskog samt mange trua og nær trua artar
- b. representerer ein bestemt type natur i form av rike edellauvskogar med eik, ask, alm og lind, og skog med førekomst av fuktkrevjande oseaniske mose- og lavartar
- c. har særskilt betydning for biologisk mangfald då det husar mange trua og nær trua artar og også fleire regnskogsartar
- d. har særskilt naturvitskapeleg verdi då det går føre seg forskning på irsk hinnelav for å auke førekomsten av denne svært sjeldne arten

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### *§ 2 Geografisk avgrensing*

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Hjelmeland kommune: 102/2 og 103/60

Naturreservatet dekker eit totalareal på 224 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet **dato**. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

### *§ 3 Vernereglar*

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller anna form for forureining, eller bruk av kalk, gjødsel eller kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling og deponering av avfall er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning er forbode.

### *§ 4 Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av eksisterande stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet
- e. beiting
- f. utsetting av saltstein

### *§ 5 Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode.

#### § 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsmyndigheita. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. nødvendigmotorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

#### § 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. nødvendig uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetjing og vedlikehald av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d
- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreiding frå desse
- g. nødvendigmotorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav f og § 7 bokstav f.

#### § 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

#### § 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsmyndigheita, eller den forvaltningsmyndigheita bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

#### § 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### § 11 *Forvaltningsmyndigheita*

Statsforvaltaren i Rogaland er forvaltningsmyndigheit etter denne forskrifta.

#### § 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

### **Vedlegg**

Vernekart Riskadalsvatnet naturreservat: pdf-fil